

**POSTENS PENSJONISTFORBUND  
POSTPENSJONISTANE I SOGN OG FJORDANE**

**HANDLINGSPLAN FOR 2022**

**Forbundet sin formålsparagraf legg føringar for kva mål som skal takast med i handlingsplanen. Formålsparagrafen står i vedtektenes paragraf 2, og er slik:**

Postens Pensjonistforbund er ein partipolitisk nøytral og uavhengig landsomfatande organisasjon med føremål å verne om og fremje postpensionistane sine sosiale, økonomiske, helsemessige og kulturelle interesser. Forbundet skal også arbeide for å styrke medbestemmelsen for forbundet, og for å gi god og fyldig informasjon til postpensionistane om saker som er av interesse for pensjonistane og som heng saman med forbundet sine mål.

Forbundet er kollektivt innmeldt i Pensjonistforbundet og har inngått samarbeidsavtalar med Norsk Post- og Kommunikasjonsforbund, LO-Stat og Posten Norge AS.

Sogn og Fjordane avdeling må også ta utgangspunkt i denne formålsparagrafen.

**Med utgangspunkt i formålsparagrafen vert det fastsett følgjande mål:**

**1. Vervemål**

Målet er å verve 10 nye medlemmer i 2022.

**Handlingar:**

- \* Følgje opp listene frå forbundet, og kartlegge det eksisterande medlemspotensiale.
- \* Aktivt vervearbeit samt spesielle verveaksjonar.

**2. Økonomiske mål**

Dei økonomiske måla vert handtert av forbundet sentralt. Krava vert fremja overfor Pensjonistforbundet, som samordnar og fører vidare krava ved dei årlege trygdeforhandlingane, eller i møte med Regjeringa. Avdelingane bør påverke gjennom samarbeid med lokale- og fylkesavdelingar i Pensjonistforbundet, samt lokalpolitikarar og veterangrupper.

**Handlingar:**

- \* Arbeide for at pensjonistar skal ha ei inntektsutvikling lik yrkesaktive.

- \* Arbeide for at behandling med fysioterapi og tannbehandling må komme inn under ordninga med eigenandelstak som for helsetenester.

### **3. Sosiale og helsemessige mål**

Krav knytta til dei overordna sosiale og helsemessige måla vil i hovudsak måtte fremjast av forbundet sentralt gjennom Pensjonistforbundet. Avdelinga bør arbeide aktivt for å bli representert i kommunale og fylkeskommunale fora som handsamar sosiale saker som angår pensjonistar for på den måten å kunne påverke kommunane og fylkeskommunen sin sosialpolitikk.

#### **Handlingar:**

- \* Arbeide for at tildeling av tenester og institusjonsplassar skal skje med utgangspunkt i behov og for at bemanning, kompetanse, aktivitetar og innhaldet ved sjukeheimar vert styrka. Få på plass eldresenter i kommunane som gode møteplassar for dei eldre med godt innhald. **Få på plass dagavlastningsplassar for spesielt dei med Alzheimer demens.**
- \* Avdelinga skal sette seg inn i eldreråda sitt arbeid og fremje saker til råda, eventuelt i samarbeid med Pensjonistforbundet sin avdelingar.  
Bruke våre medlemmer i eldreråda på ein aktiv måte.
- \* Arbeide for at serviceskyssen vert oppretthalde og utvida til fleire kommunar.

### **4. Kulturelle mål**

Kulturelle aktivitetar er viktig for trivsel og samhold. Landsomfatande tiltak vert ivaretake av forbundet sentralt, medan alt som kjem inn under trivselstiltak og medlemspleie må vi ta ansvaret for.

#### **Handlingar:**

- \* Vi skal arbeide for å gi medlemsmøta eit innhald som medlemene ønskjer og dermed fører til at fleire deltek. Møta må innehalde ei rimeleg blanding av fagleg stoff og underhaldning. I tillegg må det leggast til rette for sosiale aktivitetar utanfor medlemsmøta som t.d. treffmøte, turar til populære stader og liknande.
- \* Vi vil, så langt det er mogeleg, ta vare på lokal posthistorie i samarbeid med lokale muser, historielag/filatelistklubbar m.v. og rapportere til forbundet sin kontaktperson.

## **5. Informasjonsmål**

### **Handlingar:**

- \* Forsøke å bidra med stoff til «Pensjonisten».
- \* Utvikle innhald og layout til medlemsbladet.
- \* Jobbe for om mulig å få i orden ei heimeside for avdelinga.
- \* Legge opp til rutinar for sikre god elektronisk kommunikasjon.

## **6. Mål for samarbeid**

### **Handlingar:**

- « Styrke kontakten med Fagforbundet Post og Finans.
- « Vidareføre samarbeidet med Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane.
- « Søke samarbeid med andre Postpensjonistavdelingar på Vestlandet.
- « Søke samarbeid med pensjonistavdelingane i Fagforbundet.

### **Sluttord**

Handlingsplanen skal ikkje vere avgrensande. Landsomfattande tiltak blir følgt opp av forbundet medan lokale tiltak må avdelinga følgje opp.

Auka tilslutnad, bevisstgjering, press og innspel i media vil vere viktig. Fleire pensjonistar bør engasjere seg politisk lokalt.

Vi må også ta klimautfordringane på alvor.

Slinde, januar 2022.

STYRET